

ÅRSMØTE HJELMELAND TURLAG

12.02.26 kl. 19.00 på Spinneriet

Sakliste :

Godkjenne innkalling og sakliste

Val av møteleiar og referent

Årsmelding 2025 m/økonomi

Info frå Stavanger Turistforening v/Lars F. Nessa

Innkomne saker

Val

Takkegåver til våre lokale medhjelparar mfl. 2025 + trekning turbøker

Turprogram 2026

Pause med mat



"Mine favoritturar" v/villmarksdronninga Anita Strøm

Møtet er ope for alle, både medlemmer og ikkje-medlemmer.

Styret
Hjelmeland Turlag

ÅRSMELDING 2025, HJELMELAND TURLAG

2025 har vore Friluftslivet år.

I tillegg har Stavanger Turistforening, STF, vore med og markert at Stavanger by er 900 år. STF har markert dette med «52 søndagsturer», nye turmål i sitt nedslagsfelt kvar søndag heile året. Det har vore to turar i Hjelmeland.

Hjelmeland Turlag har og hatt arrangement som har markert Friluftslivets år.

Elles har Hjelmeland Turlag vore med på, og arrangert, eit mangfald av kjeke aktiviteter, foredrag og turar. Sjå oversikt.



Me hadde ein spanande start på året, med å følgje med Karen Malena Kyllsø digitalt på ferda mot Sydpolen. Me følgde med dag for dag. Hjelmeland Turlag «heie på Karen», og syns Sydpolekspedisjonen var spennande, og me er imponerte over at Karen nådde Sydpolen 13. januar 2025 som yngste deltakar i verden, aleine og utan forsyning undervegs.

Lenge før Karen starta hadde me avtalt at ho skulle ha sitt første foredrag frå turen hjå oss på Hjelmeland! Interesse for foredraget til Karen var så stor at me fekk avtalt eit foredrag nr 2. Dette vart utselt på kort tid. Karen har sett pris på at Turlaget har heia på ho, og tok ikkje honorar for det første foredraget. Billetinntektene frå denne kvelden bestemte då Turlaget og Karen, at skulle gå til eit fond, «Karen-fondet».

I løpet av 2025 har STF renovert/pussa opp 2 av hyttene i kommunen vår, Stakken og Melands Grønahei er nå «god som ny».

Takk til:

- alle som deltek og bidreg på ein eller annan måte
- medlemmer: me har 311 medlemmer i 2025. Me veit ikkje kor stor del dette er av befolkninga, eller korleis me ligg an på landsplan før folketalstatistikk kjem frå SSB.
- dugnadsfolk, medhjelparar og tilsynsvakter/hyttevertar i Viglesdalen
- kjentfolk på turane våre
- frivillige lokale lag me har hatt samarbeid med, t.d. bygdekvinnelag
- Hjelmeland kommune v/mange avdelingar og personar.
- andre aktørar, bla Trodla-Tysdal
- STF som me er eit lokallag under, som backar opp ideane våre og drifta vår.

Styret i 2025 har vore:

Svanhild Hjortland Gbada	2025/2026	leiar 1 år
Astrid Rosså	2024/2025	nestleiar
Nils Egil Hetland	2025/2026	koordinator Viglesdal
Asbjørg Kalvåg	2025/2026	styremedlem
Anne Kari Skogerbø	2024/2025	sekretær/kasserar
Paul Øvrehus	2024/2025	styremedlem
Gunnulf Sande	2024/2025	materialforvaltar

Valkomit :

Sigrund Mosnes og Jan Arne Hansen er valt for 1 år. I tillegg blir ein frå styret i H. Turlag med i valkomiteen, Astrid Rosså er representant frå styret, ho vart vald når styret konstituerte seg.

Styret har hatt 5 styremøte i 2025, eit av dei på Jonstøl. Me har og vore representert bla i komitéarbeid og møte STF. Me deltok på kontaktforum for frivillige lag og organisasjonar i regi av Frivilligsentralen, og på felles samling for STF og dei lokale turlaga i januar på Fjøløy. Heile styret fungerer som turkomité.

TURPOSTAR SOM TURLAGET HAR ANSVAR FOR:

Me vil takka alle som er fadrar for turpostane våre!!

- * Gapahuk ved Ritlandskrateret: Styret et fadder. 735 stk.
- * Strenjatonå: Endre Nordbø og Åsmund Sirevåg er fadrar. 166 stk
- * Skomakarnibbå: Jan Dagfinn Viken fadder. 735 stk. Bytta bok i 2025
- * Hjelmen: Gunnulf Sande fadder. xx stk.
- * Jørmeland: Morten Hetland fadder. 579 stk. Bytta bok i 2025
- * Sandsåsen post 1: Kristin Kostøl Helgaland fadder.- 281 stk.
- * Sandsåsen post 2: Anne Espeland Halsne fadder – 133 stk + Bytta bok i 2025
- * Sandsåsen post 3: Ola Sørensen-Mjølhus fadder – 148 stk

Rogaland Sparebank sponsar med turbøker og premiar ved trekning frå bøkene. Takk!

BJØDNABU

Me eig gapahuk som står open for alle. Her er bålpanne og bord & benker.

VIGLESDAL

Hjelmeland Turlag har tilsyn og dugnad på 3 hytter i samarbeid med STF. Nils Egil Hetland er vår koordinator. Mange var med på dugnaden i april. Det er av og til hyttevertar i Viglesdal, det gjer behovet for ordinært tilsyn litt mindre.

Me hadde sjølv tilsyn i midten av november, oppsummering/vareteljing for 2025 og sett kva som må planleggast til dugnad og drift i 2026.



ØKONOMI.

Me er integrert i STF sitt økonomisystem og har difor ikkje eige rekneskap til godkjenning på årsmøtet (skjer via STF sitt årsmøte).

2025 gir oss jf rekneskapen ført hjå STF, eit resultat på kr – 32 254,-.

Totale inntekter og utgifter står øvst i tabell, tala under er nokon av inntektene og utgiftene.

	Inntekter totalt	kr 208 980
Ryfylkefondet og Lyse spirer 2024 – utbetalt i 2025	Kr 19 000	
Billetsal Karen -aleine til Sydpolen x 2 Overnattingstur Eidavatn – vidare til STF På Sykkel frå Sør-Afrika til Nordkapp Bålmatkurs– pengane til Trodla -Tysdal	Kr 94 750,-	
Sponsor Rog.Sp.bank Karenforedrag	Kr 10 000	
Bidrag til Karenfondet – Hj. Kommune	Kr 50 000	
Tilskot Hj. Kommune drift	Kr 8 000	

Tilskot Hj. Kommune og Ryfylkefondet sommarmarknad/Friluftslivets veke mm	Kr 17 000,-
Litt salgsinntekter graut julemarknad, pinnebrød julemarknad og Ryfest og liknande.	
Tilskot Rog.sp.bank Sommarmarknad 2026	Kr 2000,-

	Utgifter totalt kr 241 234
Honorar Karen - Sydpolen – kveld 2	Kr 30 000,-
Mat, drikke, lyd/lys – Sydpolen	Kr 9 400
Løn STF, hjelp lokale turlag	Kr 51 625,-
Bålmatkurs til Trodla-Tysdal	Kr 17 850,-
Utbetaling Karen-fondet	Kr 70 000,-
Andre driftskostnader -leige samf.hus, profileringsmateriell, kjøpt bøker frå Karen til gåver, møtekostnader inkl årsmøte, premiar konkurransar, deltaking Turlagsamling, mat julemarknad	Kr 32 000
Finanskostnader – Vips mm	Kr 2 800
Utgifter foredrag Sykkel frå Sør-Afrika til Nord-kapp	Kr 12 000

KAREN-FONDET.

Me sette kriteria for fondet og lyste ut. Ungdom opp til 25 år, som bur i STF sitt nedslagsfelt, kunne søkje om støtte til å få gjennomført sin friluftsdraum. Me hadde kr 30 000,- til utdeling. Utpå hausten bestemte Hjelmeland kommune at dei ville heidre Karen for Sydpolbragden, og gav kr 50 000,- til Karen-fondet! Me marknadsførte fondet gjennom året, og Karen var aktiv på SoMe, og me fekk inn 29 søknadar. Ikkje alle, men nesten, var i målgruppa. På frivilligfesten som STF arrangerte for alle frivillige 4. desember, delte Karen og Svanhild ut Karen-fond til 5 heldige vinnarar. Det blei til saman delt ut kr 70 000,-. Dvs. at her er litt pengar att, slik at det og er Karen-fond i 2026.

MARKNADSFØRING/INFORMASJON

Turprogram presentert på årsmøte, og blir hengt opp som oppslag osv. Kunngjeringar på Facebook og Hjelmeland kommune sin «kva skjer»-kalender + plakatoopheng. Turane våre ligg kronologisk etter dato på heimesida til Stavanger Turistforening, under Hjelmeland Turlag. STF lagar litt materiell, og det er laga eiga brosjyre om Hjelmeland Turlag. Facebooksida vår

www.facebook.com/HjelmelandTurlag er vår viktigaste informasjonskanal med ca. 2100 følgjarar. Me brukar den aktivt om turar, dugnad o.a. Nettportal via DNT:

<https://www.dnt.no/dnt-der-du-er/stavanger-turistforening/hjelmeland-turlag/>

Epost-adresse: hjelmeland.turlag@dnt.no



Hjelmeland Turlag - Oppsummering turar/arrangement 2025

Heile Norge båler – opning av Friluftslivets år 2025 – Kom deg ut dag vinter 18. januar Bjødnabu.

Ca 20 personar var med på båling i skodda på Bjødnabu. Ikkje snø att, opphald og mildt. Me fyrte i bålpanner, hadde pinnebrød, bålcaffe, saftgløgg og eigen grillmat. Naturquiz, pusling av T mm. Koseleg rundt bålet!

Årsmøte 30. januar, Spinneriet

Vanlege årsmøtesaker, info frå STF, val, takk til kjentfolk, trekning premiar 3 turbøker – Hjelmene, Post 1 og Ritlandskrateret, presentasjon av turprogram 2025, Kjell Gunnar Valheim om «Å gå dei lange turane – aleine», havregraut av Bygdekvinnelaget. 48 fysisk og i alle fall 12 innom Facebook. Hans Widerøe teknisk ansvarleg sending.

«Gå med Karen» - november - januar

Utfordring - ut å gå tur medan Karen gjekk til Sydpolen, sende inn foto og informasjon om tur. Premiering blant dei som har sendt inn. Ikkje mange deltakarar, eit lodd pr tur ein sendte inn foto frå. Steffen Valda vann etter loddtrekning, vann tursekk.

Karen – aleine til Sydpolen, 19. februar Hjelmeland Samfunnshus

Karen fortel om turen til Sydpolen. Ho nådde dit 13. januar etter 54 døgn på tur aleine, verdens yngste. Svanhild var i kontakt med ho og bestilte foredrag allereie i oktober 2023! Billettsalet tok av når Karen nådde Sydpolen, utselde. Me fekk organisert eit foredrag nr 2 med hjelp av Hjelmeland Samfunnshus. Me inviterte familien til Karen og Rogaland Sparebank, sponsor for arrangementa våre.

Karen – aleine til Sydpolen 21. februar, Hjelmeland Samfunnshus

Ekstraforestilling. Sidan det første foredraget blei utselt og mange ville ha billett så blei det avtale med Karen og Hjelmeland samfunnshus om ein kveld til. Utseld i løpet av eit døgn.

Teresie Schafranek Solum Hommersand - Foredrag om sykkelstur Sør-Afrika – Nordkapp. 18. mars på Spinneriet.

24 stk. Imponerende sykkelstur! 25000 km - 26 land - 4 år, 7 mnd. Ei fargerik og heilt utanomdetvanlege- historie om sterke menneskemøte og heftig natur. Frå sandstorm og 50+ grader i ørkenen til snøføyk og -30 i iskalde Nord-Norge

STF framskunda flyging av ved, og dermed alt anna, til Viglesdal. Flyging 14. mars

Flaug ved skoga i Viglesdal, og varer til Viglesdal; ved, gass, sengkjede, heller, materialar mm. Grunneigarar, beitelag mfl. fekk info om flyging i tilfelle dei ville flyge samtidig. Kom brått på, over 1 md tidlegare enn vanleg.

Helgøyg games 25. mars

Terjei Asprusten laga familiearrangement, konkurransar på Helgøy ved ballbinge. Turlaget med – bålpanne, pinnebrød og kaffi. Ca 50 stk.

Staurland- Medåsen – Staurland 06. april

Rundtur til og frå Staurland - Medåsen. Paul turleiar, Jostein Staurland kjentmann. 10 stk. inkl. turleiar og kjentmann. Nydeleg vårdag, med mykje sol, blå himmel.

Dugnadstur til Viglesdal 24.27. april

12 deltakarakar på det meste, folk frå onsdag ettermiddag til laurdag middag.

Ymse arbeid, bla vask og rydding, lagt steinheller som mangla mellom hyttetun, ny gangveg i tre frå 91-hytta til bekk mm. Kløyvd og lødd noko av veden som er skoga i Viglesdal. Nils Egil koordinator, Elisabeth ansvar for mat.

Bålmatkurs Trodla-Tysdal 10.-11. mai

Hilde Grøtte # ete ute. Svanhild med frå Turlaget, 15 påmelde. Nydelege dagar med sol og fint. Laga middag og dessert på bålpanne. Dette gav bokstavleg talt meirsmak, det blir nytt arrangement i 2026, så nå blir det vel tradisjon.



Tur til Måheia mm frå Gjesfjell 14. mai.

Svanhild turleiar, Monica Svendsen eigar Gjesfjell kjentmann. Om Rabnafjell, Måheivarden, og ein runde på heia der, tilbake til tunet. Flott turver. 18 turgåarar inkl. turleiarar og kjentmann.

Risheia – Indre Ramsfjell 29. juni

Svanhild turleiar, Kjell Langvik på Indre Ramsfjell kjentmann. Samarbeid med Suldal Turlag. I tillegg vart Marta Tysdal med som turleiar frå HT. På grunn av dårleg ver vart turen avkorta. Var inne i huset på Indre Ramsfjell og åt niste og fekk mykje historie og kultur, gjekk utom ytre Ramsfjell og ned att. 13 stk. + Kjell.

52 Søndagsturar – blåtur i regi av STF – Viglesdal 6. juli

STF hadde søndagsturen i Hjelmeland.

Sommarmarknad 12. juli

I regi av Hjelmeland kommune, Turlaget stand med konkurranse beste sankeprodukt – ein klasse, pinnebrødsteiking, pop-corn, bålcaffi, o-løype og naturquiz med premiering. 12 innleverte sankeprodukt. Vinnar Grethe Gauthun Olsen med gulplommessyltetøy. Sol og minst 30 grader. Ein god del folk.

Rigga og rydda eigen stand. Kommunen rigga telt og bord og stolar til andre standar, alle tok ned eigen stand. Marknad kl. 12-15. Nokså travelt med spørsmål om turar og medlemskap,

Jøsenfjorden inn – 2 dagar

Nesvik – Indre Eiane – flytta ei veke pga vær, til 14. august

4 stk. Fint turver, regnbyger siste del av tur.

Indre Eiane – Ramsfjellgardane til Vadla –flytta til 15 august

4 stk. Skodde og fuktig/vått.

Dei to dagsturane var i samarbeid med Åse Sellereite, som var turleiar òg for teltovernatting i Indre Eiane. Svanhild turleiar frå Hjelmeland Turlag.

Desse to dagane var i forkant av ein tur frå Vadla – Førrevassdammen om Åse Sellereite var medansvarleg for. Til saman kunne ein gå heile Jøsenfjorden inn.

Hausttur Eidavatnet 23.-24. august

Flott turver. 12 stk, fult påmeldt tidleg i vinter, + 3 turleiarar. Frå Førrevassdammen, til hytta ca. 17 km.

Ryfest 6. september – stand i Vågen



Vår «Kom deg ut dag», og del av friluftslivets veke. Vanleg aktivitet med pinnebrød og kaffi. Natursti, kart til turdiskusjon og forslag, tippekonkurranse, vedstablingskonkurranse, utdeling av popcorn.

Nordraheia – Fundingsland 7. september

Svanhild turleiar, Lars Strøm kjentmann. Frå Fundingsland opp på Nordraheia, om Hausen, ned Bogadalen og ut via Kaldavatnet, 5 t tur. 11 stk. totalt inkl. turleiar og kjentmann. Sol og vind, fint turrvêr.

Turmat frå heile verda – nasjonal dag i Friluftslivets veke 10. september.

Hjelmeland Turlag saman med Hjelmeland Bygdekvinnelag. Eventyrskogen i Årdal. Ulik turmat, nybaka brød, thaiinspirert kyllingsuppe og rennekaker. 8 stk.

Julemarknad 29. november - Hjelmelandsvågen

Selde graut og pølser i brød inne på kafeen, hadde tippeaktivitetar, pinnebrød ute. I regi av Hjelmeland kommune.

52 søndagsturar – Eventyrskogen 7. desember

STF hadde søndagsturen i Hjelmeland.

